



Den nye trenaren, Håvard Sætrevik i svart, har klart å samle laget til flott innsats.

A-laget til Rosendal Turnlag har no verkeleg funne flyten. I dag, laurdag, tok dei mot tabelleiar Sædalen på Rosendal stadion. Etter svært god innsats kunne dei sende gjestene heim med tap. Resultatet vart 1 - 0 til Rosendal. Det var også pauseresultatet.

Kampen var jamnspela det første kvarteret, men etterkvart tok Rosendal over meir og meir styringa i kampen. Etter om lag 20 minutt hadde Vegard E. Ludvigsen ein susar i tverrleggjaren etter at han hadde motteke ein flott pasning frå Hans Fredrik G. Zimmer.

Etter 27 minutt skulle heimelaget få resultat. Sindre Omvik la flott inn frå høgresida til Vegard E. Ludvigsen, og sistnemnde heada perfekt i mål. Ei nydeleg scoring, og 1 - 0 til heimelaget.

Etter dette hadde Rosendal fleire gode sjansar, og dei kunne godt ha leia meir enn 1 - 0 ved pause.

I 2. omgang fortsette Rosendal med same trøkk og hadde fleire store sjansar. Dei var mellom anna fleire ganger åleine med keeper, men ballen ville ikkje i mål.

Heilt på slutten pressa Sædalen, men Rosendal kontrollerte kampen inn til ein sterk 1 - 0 siger. Det vert rapportert frå kampen at sigeren kom etter godt spel, samspelet fungerte og innsatsen var flott hos heimelaget. Også i dag stod ungutane frå Uskedalen, Hans Fredrik Zimmer, Hermund Døssland, Marius Myklebust, Sondre Myklebust og Dag Rune Myklebust, fram som viktige brikker i denne sigeren som må karakteriserast som ein lagsiger.

Etter ein katastrofal start på sesongen har laget hatt fin stigning, og i haust har laget spelt seg til svært gode resultat. Håvard Sætrevik har overtatt trenaransvaret saman med assistenttrenar Tom Enæs, og dette ser ut til å fungere svært godt. Laget ligg no på 5.plass og nærmar seg no firargruppa i toppen som lenge verka suverene og utilnærmelege. Det vert spennande å følgje laget framover.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ragnvald Myklebust.